

Nesttun, 07.03.2022

## «Replikk» etter innsend uttale frå Arvid Villanger i frådelingssaka på Villanger, gbnr 418/9 i Alver kommune

Eg viser til «Tilsvaret til oppheving av vedtak frå Statsforvaltaren i Vestland – gbnr 418/9 Villanger», datert 23.02.2022 med Arvid Villanger som avsendar. **Eg er ikkje part i saka, men i det nemnde tilsvaret er namnet mitt trekt inn på ein svært upassande og urimeleg måte, heilt hinsides all fornuft. Den «finta» vil eg på det skarpaste ta avstand frå, og eg nyttar derfor høvet til å melde at den slags finn eg meg ikkje i!**

I eit forsøk på å vinne sympati, ser det ut som Arvid Villanger prøver å ikle seg ei rolle som «offer», og han skyr få verkemiddel for å oppnå dette: han er uetterretteleg når det passar seg slik, han konstruerer historier, og kombinerer det gjerne med sjikane. Konkret brukar han i tilsvaret mitt namn og rykte i eit konspiratorisk tankespinn som skal godtgjere at problem han står overfor, skuldast meg. Og eg er tydelegvis ikkje åleine i den posisjonen.

Sentralt i hans verd står den «store, stygge» vassleidningen som i 2004 vart framført til gardsbruk og hytter nord på Villanger. I alt sju eigedommar på Nordre Villanger kunne med det knytte seg til det kommunale vassverket. Ansvarleg for utføringa av arbeidet var Kvalheim VVS (rørleggjararbeid) og Bjørn Dale AS (graving), begge desse var godkjende av Radøy kommune. Mi vesle rolle var å koordinere det formelle mot kommunen, sikre godkjenning frå dei berørte bruka, innhenting av tilbod, betaling, innkrevjing, dokumentasjon mv., og eg kan forsikre lesaren om at alle formalitetar var i orden. Gravinga over gbnr 418/9 var det Bjørn Dale sjølv som gjorde, men også Karstein Villanger var med, han var dåverande eigar av gbnr 418/6&9 og er bror til Arvid Villanger.

I rak motsetning til vassleidningen står den «vesle, snille» sandfiltergrøfta som skulle vere ein obligatorisk del av løysinga for utsleppet frå det gamle våningshuset i 1993. «Narrativet» i Arvid Villanger sitt tilsvaret gjeld konflikten mellom vassleidning og sandfiltergrøft ved etableringa av vassleidningen i 2004.

Den resterande delen av «replikken» deler eg no inn ved tre sitat frå tilsvaret frå Arvid Villanger:

**1. «Sandfiltergrøfta har fungert som den skulle. Dersom det i ettertid har oppstått noko galt med sandfiltergrøfta, må dette ha skjedd då Kåre Villanger [...] stod ansvarleg for ein vassleidning som vart gravd tvers over garden min og igjennom der Marit har sandfiltergrøftene til kloakken.»**

Først eit innleiande moment. I løyvet til utslepp frå det gamle våningshuset heiter det: «Etter slamavskillar må avlaupet først gjennom kunstig sandfiltergrøft i ei lengd av 10 m eller 15 m (opparbeidd etter forskriftene), før utsleppet vert ført til grøftesystem.»<sup>1</sup> Den gamle hovudgrøfta følgde naturleg nok «djupålen» i dalane, og akkurat den same grøftetraseen vart også følgd då vassleidningen vart etablert.<sup>2</sup> Så i den grad det hadde blitt noka «skjering» mellom grøfta for vassleidningen og den påståtte sandfiltergrøfta, måtte dette ha vore i enden av sandfiltergrøfta. Ei slik «skjering» ville uansett blitt av svært avgrensa storleik.

Så kva konflikhtar oppsto det då mellom grøfta for vassleidningen og den påståtte sandfiltergrøfta vest for det gamle våningshuset i 2004? Svar: Absolutt ingen! Dette er stadfesta av Bjørn Dale såvel som av Karstein Villanger, den siste med den tilleggsopplysninga at det aldri hadde vore noka slik sandfiltergrøft som del av utsleppsløysinga. Ser vi på geografien i området, er det kanskje vanskeleg å

1 Løyvet til utslepp frå 1993 er dokumentert i vedlegg 2 i Bjørn Villanger sitt skriv av 03.03.2022.

2 Den gamle hovudgrøfta hadde kollapsa lenge, lenge før 2004. Tanken til Karstein Villanger, dåverande eigar av gbnr 418/6&9, var å leggje ned dreinsrøyr saman med den nye vassleidningen, men det vart det ikkje noko av.

forstå kor sandfiltergrøfta på 10 – 15 m skulle plasserast i 1993. Uansett hoppa dei nok bukk over grøfta den gongen, og tok ein «short cut» i staden! Den ikkje-eksisterande sandfiltergrøfta har naturleg nok ikkje fungert i samsvar med kravet i løyvet.

## **2. «Vassleidningane deira står også til hinder for at eg kan ta oppatt grøftene som gjekk der.»**

Vassleidningen frå 2004 ser ut til å bli ei stadig større bær for dagens eigar av gbnr 418/6&9. Då han overtok garden ved årsskiftet 2019/2020, visste han sjølvsagt godt om vassleidningen. Både ved odelssløysingssaka i 2018 (tingrett) og i 2019 (lagmannsrett), vart oppattgrøftinga av ein del av myrane på bruket (m.a. der vassleidningen går), ein sentral del. Frå Arvid Villanger si side vart det ved begge høva ført fleire vitne som høglydt slo fast at det var ikkje noko problem å grøfte dette på nytt, nærast «a piece of cake», og retten la den vurderinga til grunn. I 2020 søkte Arvid Villanger om tilskot frå Alver kommune til dreneringa, og då var det tydelegvis heller ikkje noko stort problem knytt til vassleidningen. Men no, i 2022, er vassleidningen nærast blitt eit uoverstigeleg hinder for han, og han «tek ikkje risikoen på å leggja grøftene på nytt der vassleidningane til Bjørn [Villanger] si slekt går.»

Logikken i framstillinga hans er vanskeleg å forstå i lys av historien bak. Men han vil gjerne kunne framstå som «offer», og han peikar derfor på meg som ansvarleg for problema hans med grøftene òg.

## **3. «[...] eg måtte forsikra det [våningshuset] då fleire vindauge vart knust same dag som høgsterett sette endeleg punktum for spørsmålet om min odelsrett og rett til å kjøpa garden tilbake frå Bjørn Villanger.»**

Arvid Villanger avsluttar tilsvaret sitt med formuleringa i sitatet ovanfor. Alle som les dette sitatet vil oppfatte det slik at det må vere Bjørn Villanger som står bak ruteknusinga! **Noko av ein insinuasjon!**

Vi som kjenner Bjørn Villanger godt (han er brorson min), veit at saka nok stiller seg annleis. Bjørn vart på eit gjeve tidspunkt varsla av slekta til Arvid Villanger om dei knuste rutene, det var då sagt at skaden vart handtert, så Bjørn rykte ikkje ut. Uansett: Bjørn Villanger visste ingen ting om avgjerda i høgsteretts ankeutval før dagen etter avgjerda. Eg har ingen grunn til å spekulere i kva som kan ha vore årsaka til skaden på rutene.

Arvid Villanger tok som nemnt over garden ved årsskiftet 2019/2020. Kvifor han valde å forsikre det gamle våningshuset for ein periode frå november 2019, all den tid huset alt var forsikra av Bjørn Villanger (like frå februar 2015 og ut desember 2019), kan vi ikkje vite. Men kva relevans forsikringa av det gamle våningshuset skulle kunne ha for den aktuelle frådelingssaka, forstår ingen!

Med vennleg helsing



Kåre Villanger  
Friggs veg 28, 5221 Nesttun  
Mobil: 917 56 960  
E-post: [kpwill@online.no](mailto:kpwill@online.no)  
(Adresse fritidsbustad: Nordre Villanger 62, 5937 Bøvågen)

PS:

Ikkje alle opplysningane i tilsvaret tåler «faktasjekk»! Til formuleringa i tilsvaret om at systema «*Marit har moralsk og juridisk rett til huset*», viser eg til Bjørn Villanger sine merknader av 30.03.2021 (side 3) i saka. Etter konsesjonsbrevet frå Radøy kommune 31.03.2015 skulle han, som ny eigar av gbnr 418/6&9, flytte inn i det gamle våningshuset! Kommunen såg heilt bort frå den privatrettslege lengevarande avtalen om bruksretten som Marit hadde på det huset, den var å rekne som ugyldig av di den ikkje på noko tidspunkt var blitt godkjent av kommunen i samsvar med jordlova (§ 12).